



Lye ungdomsskule

Vedteke i SU:Oktober
2024

SKULEREGLAR - LYE UNGDOMSSKULE

Kvifor ordensreglar

På skulen er vi mange som skal arbeida og trivast i lag kvar dag. Som elev ved Lye ungdomsskule skal du læra å ta ansvar for deg sjølv, for det du gjer, det du seier og det du lærer. Du er sjølv ansvarleg for å få gjort skulearbeidet ditt. Du må yta ditt beste til ei kvar tid, slik at du utviklar evnene dine best mogleg. Elevar og lærarar skal respektera kvarandre, og alle må bidra slik at Lye ungdomsskule-er ein triveleg arbeidsplass for alle.

Me er opptatt av eit trygt og godt skulemiljø og har høgt fokus på inkludering og relasjon. For å skape eit godt miljø er det viktig med god klasseleiing og tydelege rammar frå første dag! Det er viktig og ta opp med elevar og føresette kvifor me nyttar dokumentasjon (merknad) tidleg. Det er skulens måte og halda oversikt over elevanes utvikling når det gjeld orden og åtferd. **God orden** er å møta på tida, vera førebudd og følgja opp arbeidet. **God åtferd** er å visa omsyn og respekt for andre. Ved brott på skulereglar eller bussreglar skal me nytta merknad.

Me minner om at reglane gjeld både på skulen og på skulevegen. Sjå og reglar for busstransport.

Reglar

- Syklar du eller brukar eit køyretøy til skulen, må du setja sykkelen/køyretøyet på tilvist plass. Syklar ved handballbanen, el-syklar ved inngang til mediateket og andre køyretøy på parkeringa ved Lyefjell barnehage. Det er forbode å bruka sykkelen/køyretøyet/rullebrett/sparkesykkel i skuletida. Når skulen skal på sykkeltur, må du bruka hjelm.
- I skuletida må du opphalda deg på skulens område. Unntak: I det store friminuttet kan elevar på 10. trinn handla på den lokale Coop butikken om dei føresette har samtykka til det.
- Du får ikkje bruke snop, tyggi e.l. i skuletida. Dette inkluderer til dømes energidrikker og brus. Pant og søppel fraktast til klasserommet eller kastes søppeldunken utanfor.
- Me oppfordrar elevane til å leggja mobiltelefon og mobilklokker igjen heime. Om elevane har med seg mobiltelefon eller mobilklokke på skulen skal dei vera avslått eller stå på lydlaus i skuletida. Elevane leverer inn mobilen og mobilklokka til lærar når dei kjem til 1. time og hentar mobilen/mobilklokka ut når skuledagen er slutt. Unntak frå dette er når elevane på slutten av skuledagen har valfag, språkfag eller undervisning vekk frå Lye ungdomsskule sine bygg. Om elevane oppbevarer mobilen og mobilklokka i sekken er dei ikkje skulen sitt ansvar om noko blir

øydelt eller forsvinn. Ved brot på denne regelen vil mobilen/mobilklokka bli inndratt ut skuledagen, og heimen blir kontakta.

- Snøballkasting er berre lov på tilvist plass.
- Ball kan du bruka ute på tilvist plass.

Reaksjonar

Vi trur at du gjer ditt beste for å følgja ordensreglane for skulen vår. Dersom du likevel bryt ein eller fleire av desse reglane, må vi reagere. Dei mest aktuelle reaksjonane er:

1. Tilsnakk frå vaksne.
2. Dokumentasjon av bråd på reglane.
3. Erstatning.
4. Inndraging.
5. Visast vekk frå klasserom.
6. Skulen tek kontakt med heimen.
7. Utvising. For grove og gjentekne brot på ordensreglane eller på vanlege reglar for orden og framferd, kan du visast bort frå skulen i inntil 3 dagar. Rektor tek endeleg avgjerd om utvising i samråd med lærarane dine.
8. Nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

Viser og til Time kommune sitt kommunale Skulereglement og Handlingstrappa som ligg på skulen si heimeside.

Før vi set i verk disiplinære tiltak, har du alltid høve til å uttala deg. Kontaktlærar og foreldre/føresette kan verta samde om andre disiplinære tiltak enn dei som her er nemnde.

Bussreglar for Lye ungdomsskule

Kvifor bussreglar:

Det er mange elevar ved Lye ungdomsskule som nyttar skuleskyss. Alle elevane som tek bussen skal ha det trygt og godt på bussen. I tillegg er dette arbeidsplassen til bussjåførane og dei har og krav på ein trygg og god arbeidsplass. Dei som tek skulebussen bidreg til eit godt miljø ved å følge desse reglane.



- Du står stille og venter til bussen har stoppa heilt opp og opna dørene før du går roleg inn på bussen.
- Still deg fint i kø, og vent til det er din tur.
- Når du har funne ditt sete, blir du sitjande til bussen har stoppa der du skal av. Du sit sjølvsagt rett veg og med setebeltet på slik det er påbode i trafikkreglane.
- Stoppknappen skal kunn brukast for å gje signal om at ein skal av.
- Ranselen din har du på fanget eller framføre føtene dine.
- Hugs at bussjåføren skal ha ro under køyringa. Det er derfor viktig at du er roleg under køyreturen.
- Ikkje reis deg opp i bussen før den har stoppa på haldeplassen.
- Du skal oppføra deg fint mot dei andre på bussen.

Dei vanlege ordens- og åtferd reglane gjeld på heile skulevegen. Det betyr at du har ikkje lov å plaga andre, eller ta med deg ting inn på bussen som du ikkje elles hadde teke med deg inn i klasserommet eller stova heime. Du kastar sjølvsagt ikkje ting som til dømes sekker eller mat rundt i bussen.

Reaksjonar

Dersom bussjåføren eller andre rapporterer at du bryt ein eller fleire av desse reglane, må me reagere. Dei mest aktuelle reaksjonane er:

1. Tilsnakk frå vaksne.
2. Dokumentasjon av bråd på reglane.
3. Skulen tek kontakt med heimen.
4. Erstatning.
5. Inndraging.
6. Visast vekk frå bussen av bussjåføren.
7. Utvising. For grove og gjentekne brot på ordensreglane eller på vanlege reglar for orden og framferd, kan du visast bort frå skulebussen i inntil 3 dagar. Rektor tek endeleg avgjerd om utvising i samråd med lærarane dine og busselskapet.
8. Nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

Før me set i verk disiplinære tiltak, har du alltid høve til å uttala deg. Kontaktlærar og foreldre/føresette kan verta samde om andre disiplinære tiltak enn dei som her er nemnde.